



# ÅLESUND KOMMUNE

## Retningslinjer for tildeling av tilskot til lag og organisasjonar innan helse- og velferdsområdet, Ålesund kommune

### Føremålet med tilskotsordninga

Tilskotsordninga skal støtte opp om frivillige og ideelle organisasjonar sin innsats innan helse- og velferdsområdet i Ålesund kommune.

Tilskotsordninga har som mål å;

- bidra til inkludering, gode levekår og aktiv samfunnsdeltaking for innbyggjarar i Ålesund kommune
- bidra til auka livskvalitet og eigenmeistring hos brukarar eller pårørande
- bidra til helsefremjande og førebyggjande aktivitetar
- bidra til gjennomføring av ulike arrangement for målgrupper innan området
- fremje det frivillige engasjementet
- bidra til auka samhandling og samskaping mellom lag/organisasjonar og kommunen

### Kriterium for å søkje tilskot

Lag og organisasjonar som kan søkje tilskot må vere etablert i kommunen og gi tilbod til brukarar/innbyggjarar som bur eller oppheld seg i kommunen.

Aktivitetane eller innsatsen det vert søkt tilskot for må oppfylle eit eller fleire av punkta nemnt som mål for tilskotsordninga (sjå avsnittet ovanfor).

Frivillige lag og foreiningar må vere registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistrene. Ideelle organisasjonar skal ikkje vidareformidle fortjeneste; overskot skal brukast i tråd med organisasjonen sitt hovudføremål som ikkje skal vere av kommersiell art.

Privatpersonar kan ikkje søkje tilskot.

### **Type tilskot**

Tilskot kan gjevast anten som;

1. Tilskot som kan bli gitt for ei periode på inntil tre år om gongen (faste tilskot).

Tilskota skal vere med å støtte opp under aktivitetar eller innsatsar som varer over tid, og som kan gi meir føreseielege vilkår for drift.

eller

2. Tilskot som gjeld for eitt år om gongen. Til dømes tilskot til spesifikke arrangement eller aktivitetar eller innsatsar med kortare varigheit. Tilskota vil ha ei ramme på inntil kr 15.000,- pr. lag/organisasjon.

Lag og organisasjonar kan søke på begge tilskota. Det må kome tydeleg fram i søknaden kva type tilskot ein søker.

### **Krav til søknaden**

Søknaden må sendast inn på gjeldande elektronisk søknadsskjema (tilgjengeleg på kommunen sine nettsider), av person som har mynde til å forplikte organisasjonen. Alle obligatoriske felt må fyllast ut.

Søknaden må innehalde:

- Ei kort utgreiing om laget/organisasjonen som søker midlar
- Kva type tilskot ein søker (faste eller eingongstilskot)
- Skriv kort om kva midlane skal brukast til
- Legg ved budsjett for tiltaket
- Søknadssum
- Obligatoriske vedlegg:
  - Siste godkjende årsmelding
  - Rekneskap for førre år (siste godkjende)
  - Budsjett for det året det vert søkt midlar for

Søknadar som ikkje er mottekne innan fristen eller som er ufullstendige vert ikkje handsama.

### **Sakshandsaming**

Kommunen ved Stab helse og velferd gir tilskot etter ein skjønnsvurdering. Storleiken på tilskota er avgrensa og kommunen må prioritere. Søknadar som i utgangspunktet tilfredsstillar kriteria og føremålet med tilskotsordninga kan få avslag eller verte tildelt lågare beløp enn det vert søkt om.

Alle søkerar vil få skriftleg svar og dei søkerane som får tilskot vil få eit tildelingsbrev.

### **Vilkår for tildeling av tilskot**

Dersom eit lag eller organisasjon med forsett gir feilaktige opplysningar eller misligheld sine pliktar kan dei miste rettane sine innanfor ramma av tilskotsordninga, i inntil eitt år.

Ålesund kommune ved Stab Helse og velferd *kan* gjennomføre stikkprøver for å kontrollere at midlane vert nytta i samsvar med føresetnadane og at opplysningane i søknaden er korrekte.

### **Søknadsfrist og utbetaling**

Informasjon om tilskotsordninga vil kunngjerast på kommunen sine nettsider og gjennom annonse i Sunnmørsposten minst fire veker før søknadsfristen.

Søknadsfrist for tilskot for komande år er 15.november.

Svar på søknad og eventuell utbetaling vil ligge føre seinast medio februar i det året det vert søkt tilskot for, så framt politiske løyvingar.

Lag og organisasjonar som har fått innvilga faste tilskot, dvs tilskot over fleire år, må levere årsmelding eller rapport for året dei har motteke tilskot for, før ny utbetaling vil bli effektuert.

### **Klagerett**

Det kan klagast på vedtaket som gjeld tildeling eller avslag på tilskot. Klageretten har heimel i forvaltningslova § 28 andre ledd. Klagefristen er tre veker frå den dato vedtaket kom fram. Klagen må vere skriftleg og bør grunngjevast. Klagen skal sendast til Ålesund kommune v/ Stab for helse og velferd. Dersom kommunen ikkje er samd i klagen og ikkje endrar vedtaket, vert klagen sendt til Klageutvalet i kommunen for endeleg avgjerd.